



Til heimane 1. – 4. klasse

## PÅMELDING TIL LEKSEHJELP VED MYKING SKULE 2014/2015

Myking skule si leksehjelpordning for elevar i 1. til 4. klasse vert 1 klokke time måndagar og tysdagar etter skuletid. Herborg Osmundsen har organiseringa av, - og tilsyn med leksehjelpa i samarbeid med kontaktlærarane. Ordninga er gratis. NB. Barna må ha med eiga niste til matøktka før leksehjelp (t.d. ei ekstra brødskive).

**Dei kommunale retningslinene for ordninga er trykt på baksida av dette brevet.**

Dersom noko er uklart ta kontakt med skulen på telefon 56 37 50 42 eller e-post: [mykingskule@lindas.kommune.no](mailto:mykingskule@lindas.kommune.no).

Med helsing

Nils Kvalvågnes  
rektor



**Klipp ut og returner til skulen snarast.**

**Me ønskjer leksehjelp (kryss av):**

Måndag 14.30 - 15.30

Tysdagar 14.30 - 15.30

Namnet på borna me ynskjer plass til:

Namn:.....fødd:.....

Namn:.....fødd:.....

Namn:.....fødd:.....

**Merknad:**

\_\_\_\_\_  
Stad, dato

\_\_\_\_\_  
Underskrift føresette

Postadresse  
5957 MYKING

Besøksadresse  
Myking

Telefon  
56 37 50 42  
[www.mykingskule.no](http://www.mykingskule.no)  
e-post: [mykingskule@lindas.kommune.no](mailto:mykingskule@lindas.kommune.no)

Konto  
0805 5787809  
Organisasjonsnr.  
935 084 733



**Retningslinjer for mål, innhald og organisering av leksehjelp i Lindås kommune, -vedteke av Lindås kommunestyre 10.06.10:**

**Mål**

Leksehjelp skal gje alle elevar like føresetnadar i arbeidet med lekser og dermed auke læringsutbyttet, samt stimulere til gode arbeidsvanar i tidleg alder.

**Omfang og ansvar**

Leksehjelp er eit frivillig og gratis tilbod til alle elevar i 1. – 4.klasse. Leksehjelp er ikkje del av grunnskuleopplæringa til eleven. Leksehjelpa går dei dagane skulen er open. Foreldra er framleis ansvarlege for at lekser vert gjort og med tilfredsstillande kvalitet.

**Innhald**

Det skal vere samanheng mellom skulearbeidet og leksehjelpa slik at denne vert mest mogleg til nytte for eleven. Leksehjelp skal vere eit tilbod om hjelp til skulearbeid uavhengig av om elevane har lekser i tradisjonell forstand eller ikkje. Skulen tek sjølv avgjerd om, korleis og kor mykje leksar som skal gjevast. Leksehjelp kan brukast til studieteknikk, fordjuping, repetisjonar, øving på stoff som er gjennomgått i opplæringa og anna relevant læringsarbeid som eleven har føresetnadar for å meistre. Innhaldet skal kvalitetssikrast gjennom godt samarbeid mellom leksehjelpar, kontaktlærar og skulen sin administrasjon.

**Organisering**

- Einingsleiar/rektor er ansvarleg for leksehjelptilbodet
- Skuleåret 2010-2011 vil kvar elev på 1. – 4. trinn få tilbod om 2t leksehjelp pr veke
- Leksehjelp vert lagt til ordinær SFO-tid
- Skulane skal organisere leksehjelp etter drøftingar med FAU/SU slik ein meiner det er mest føremålstenleg innafor dei rammene som er trekt opp
- Skulane har ansvar for å sjå til at leksehjelp vert gjeve i pedagogisk forsvarlege arbeidsøkter
- Gruppestorleik: Skulane har ansvar for å sjå til at gruppene der leksehjelp vert gjeve, er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg. Forsvarleg gruppestorleik må vurderast i høve til tal på vaksne, dei vaksne sin kompetanse, tal på elevar og samansetting, elevane sine behov og andre tilhøve i gruppa
- Leksehjelp er på same vis som SFO eit frivillig tilbod og gjev ikkje rett til skyss